

Samordna opptak 2012: Like mange søkjarar til engelsk og framandspråk som i fjor

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa – Notat 3/2012

Søkjartal som Samordna opptak (SO – www.samordnaopptak.no) har publisert for studieåret 2012–2013, viser at talet på studentar som har engelsk eller framandspråk som førsteprioritet, ikkje aukar, trass i ein klar auke i talet på studentar totalt. Det er ca. 3900 søkjarar til fagtilboda innanfor engelsk og framandspråk på dei 47 universiteta og høgskulane som koordinerer opptaket til grunnstudium gjennom SO (sjå tabell 1). Det utgjer ca. 3,4 % av søkjarmassen (2011–2012: 3,5 %). Tala inkluderer ikkje studentar som har søkt seg til enkeltemne, masterstudium o.a. som har lokalt opptak.¹ Studium i engelsk og framandspråk er ikkje like populære som andre studium. I snitt er det ca. 1,8 søkjarar per plass; det tilsvarande talet for alle studia sett under eitt er ca. 2,3.

I dette notatet ser vi nærmare på opptakstal. Notatet er delt inn i tre: Først tek vi for oss engelsk, deretter dei tre store «skulespråka» fransk, spansk og tysk, og til slutt andre framandspråk som kinesisk, russisk og teiknspråk. Språka i den sistnemnde gruppa blir stadig meir populære blant studentane: I år er det tilnærma like mange studentar som ønskjer å lære eit av desse språka (1051), som det er studentar som vel fransk, spansk og tysk (1121).

Tabell 1. Talet på søkjarar til studium i engelsk, fransk, spansk og tysk i 2010, 2011 og 2012

Språk	Søkjarar 2010	Søkjarar 2011	Søkjarar 2012	Forskjell
Engelsk	1481	1622	1742	+120
Fransk	267	310	340	+30
Spansk	452	505	441	-64
Tysk	145	191	204	+13


Engelsk: populært i storbyane, men mange studiestader med få søkjarar

Mange høgskular og universitet tilbyr engelsk, anten som del av lærarutdanninga eller som eit eige, sjølvstendig språkfag. Engelsk er eit nokså populært val; i alt 1742 studentar ønskjer å fordjupe seg i språket. Det er ein auke på 120 studentar samanlikna med i fjor. I snitt er det ca. 1,8 søkjarar per

¹ Endringar i måten dei enkelte institusjonane registrerer studium på, fører til at talgrunnlaget er noko forskjellig frå år til år. Ei nøyaktig samanlikning er derfor ikkje mogleg å gjennomføre.

plass. Konkurransen om plassane er sterkast i dei store byane, samtidig som det er ei rekkje mindre studiestader med færre søkjarar enn plassar. Det er påfallande mange studentar som søker seg til Oslo-området: Universitet i Oslo har 411 søkjarar til 95 studieplassar i engelsk (inkludert årsstudium), og grunnskulelærerutdanninga med engelsk for 5.–10. trinn på Høgskolen i Oslo og Akershus har 122 søkjarar til 53 plassar. På NTNU i Trondheim er det i alt 246 førsteprioritetssøkjarar til 74 studieplassar på årsstudiet og i lektorutdanninga.

Figur 1. Talet på søkjarar til fransk, spansk og tysk (per lærestad)



Fransk, spansk og tysk: viktige skulespråk, men ingen auke i studenttala

Fransk, spansk og tysk er dei dominerande framandspråka i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring,² og i åra framover kjem det etter alle solemerke til å vere eit stort behov for nyutdanna lærarar i desse språka. Likevel er det etter måten få studentar som har fransk, spansk eller tysk som førsteval. I alt er det 985 studentar som har registrert eit av desse språka som studieønske: 340 på fransk, 441 på spansk og 204 på tysk. For fransk og tysk betyr det ein beskjeden auke samanlikna med i fjor. Spansk derimot går ned. I tillegg kjem 136 studentar som ønskjer å bli tekne opp til lektorprogramma innanfor framandspråk i Bergen og Oslo. Blant universiteta og høgskulane som tilbyr framandspråk, er Universitetet i Oslo den lærestaden som trekkjer flest søkjarar (sjå figur 1). Høgskolen i Østfold i Halden er òg populær blant studentane som ønskjer å lære fransk, spansk og tysk. Årsstudiet i spansk i Oslo har meir enn fem gonger så mange søkjarar som plassar, og det er meir enn tre søkjarar per studieplass når det gjeld fransk og spansk i Halden – eit påfallande høgt tal

² Jf. Framandspråksenterets notat 1/2012 og 2/2012 om elevtal i ungdomsskulen og vidaregåande opplæring.


med tanke på at Høgskolen i Østfold er lokalisert utanfor dei store byane.

Mange søkerar til teiknspråk og japansk – få interesserte i antikkens språk

Det er få lærestader som tilbyr studium i andre språk enn engelsk, fransk, spansk og tysk, men talet på språk som det blir undervist i, er til gjengjeld stort. Her finn vi alt frå teiknspråk til «fjerne» språk som arabisk, kinesisk og russisk – og antikkens språk og kulturar. Universiteta tilbyr dessutan ei rekkje store språk som det ikkje blir undervist i i norsk skule, mellom anna hindi og portugisisk. Det er vanskeleg å få ei komplett oversikt over desse tilboda ettersom mange av språka berre kan veljast som enkeltemne. Desse emna er ofte ikkje registrerte under eigne opptakskodar i Samordna opptak, og språktilboda er derfor ikkje synlege i statistikken. (Det gjeld mellom anna Universitetet i Tromsø, som tilbyr fleire språkfag gjennom lokalt opptak.)

Som i fjor er det påfallande mange som søker på teiknspråk/tolking på høgskulane i Bergen, Oslo/Akershus og Sør-Trøndelag (sjå figur 2). I alt er det 289 søkerar til 106 studieplassar, altså nesten tre søkerar per studieplass. Studium i antikkens språk og kulturar er derimot lite populære. Tilboda i Bergen, Oslo og Trondheim trekkjer til saman 62 søkerar til 57 planlagde studieplassar. Arabisk, japansk, kinesisk og russisk har over 100 søkerar kvar – japansk nesten 200, fordelt på universiteta i Bergen og Oslo. Når det gjeld desse framandspråka, er det i snitt over to søkerar per plass, noko som betyr at dei er i ferd med å gå forbi skulespråka fransk, spansk og tysk.

Figur 2. Talet på søkerar til andre språk enn engelsk, fransk, spansk og tysk



Halden, 3. mai 2012

Gerard Doetjes